



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen

Sakshandsamar:

Paal Fosdal

E-post: Paal.Fosdal@sfj.no

Tlf.: 90639859

Vår ref.

Sak nr.: 17/2499-12

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

27259/17

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 30.06.2017

Øyvind Nondal
Postboks 20

6861 LEIKANGER

Svar - Innsyn i reinhaldskontrakt

Eg viser til din e-post av 27. juni, der du ber om innsyn i Sogn Jord- og Hagebruksskule sin reinhaldskontrakt med Reint AS.

I 2013 sende skulen ut ein tilbudsførespurnad til fleire selskap, inkludert Reint AS. Reint AS leverte det beste tilbudet, og skulen inngjekk kontrakt med selskapet for perioden 01.11.13 – 31.10.14.

Kontrakten følgjer vedlagt.

Sign Jord- og Hagebruksskule har lenga kontrakten med Reint fram til no, grunna ekstraordinært vedlikehald og ombygging på skulen. Vedlikehalds- og ombyggingsperioden skal vere ferdig hausten 2017, og skulen planlegg å innhente nye tilbud på reinhaldstenester.

Vidare ber du om å få opplyst kontraktssummen. Månadsprisen er – etter indeksregulering - kr 17 324 + mva.

Med helsing

Paal Fosdal
assisterande fylkesrådmann

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Avtale om utføring av reinhaldstenester

Mottakar (ar)

Øyvind Nondal Postboks 20 6861 LEIKANGER